

Årdal kommune



# Planstrategi 2020 – 2023

*Vedteken av kommunestyret 19. november 2020  
K-sak 075/20*

## Innhald

1. Føremålet med planstrategien .....	3
2. Overordna føringer .....	4
3. Medverknad .....	5
4. Hovudutfordringar og utviklingstrekk.....	6
4.1 Folkesetnad.....	6
4.2 Klimaendringar og klimatilpassing .....	7
4.3 Helse og omsorg.....	8
4.4 Folkehelse .....	8
4.5 Oppvekst og kultur.....	9
4.5 Næring og sysselsetting .....	10
5. Oversikt over gjeldande planar og evaluering av planarbeidet.....	11
5.1 Oversikt over gjeldande planar med vurdering .....	11
5.2 Evaluering av gjeldande planar og strategiar.....	13
6. Prioriterte områder for plan og strategiarbeid 2020-2023 .....	14
6.1 Samfunnsutvikling og kommuneplanen sin samfunnsdel .....	14
6.2 Langsiktig arealbruk og kommuneplanen sin arealdel .....	14
6.3 Energi, miljø og klimaplan.....	15
6.4 Prioritert planarbeid i perioden 2020 – 2023 .....	15

## 1. Føremålet med planstrategien

I samsvar med § 10 - 1 i plan - og bygningslova skal kommunen minst ein gong i kvar valperiode, og seinast innan eitt år etter at nytt kommunestyre er konstituert, utarbeide og vedta ein communal planstrategi.

Føremålet med den kommunale planstrategien er å klargjere kva slags planoppgåver kommunen skal starte opp og/eller vidareføre for å legge til rette for ei ønskja utvikling i kommunen.

Planstrategien er eit politisk styringsverktøy som også skal ha som mål å følgje opp intensionane i PBL § 3-1 om at:

*Planlegginga skal bygge på økonomiske og andre ressursmessige føresetnadar for gjennomføring og ikkje være meir omfattande enn naudsynt.*

Planstrategien er ikkje ein plan, men eit verktøy for politisk styring og prioritering av planbehovet for gjeldande kommunestyreperiode. Den kommunale planstrategien skal sikra overordna planlegging og sette lys på kva utfordringar knytt til tenesteyting, samfunnsutvikling, miljøutfordringar, klimaendringar og folkehelse kommunen ønsker å møta.

Den kommunale planstrategien har to hovudføremål:

- Kommunen skal i planstrategien med bakgrunn i utfordringar og utviklingstrekk synleggjere det samla planbehovet til kommunen
- Kommunen skal gjennom planstrategien ta stilling til om det er behov for revisjon av heile eller delar av kommuneplanen.

Arbeidet med planstrategien skjer parallelt med oppstart og revideringa av samfunnsdelen av kommuneplanen i samband med at Årdal fekk godkjend søknad om å bli nasjonalparkkommune i 2020. Også arealdelen til kommuneplanen vert starta opp parallelt, for å samordne der det er ynskjeleg og mogleg og for å spare tid i det samla planarbeidet.

## 2. Overordna føringar

**Nasjonale forventningar** til regional og kommunal planlegging 2019-2023 er lagt til grunn for planstrategien.

Regjeringa legg vekt på at me står ovanfor fire store utfordringar:

- Å skapa eit økonomisk berekraftig velferdssamfunn
- Å skapa eit økologisk berekraftig samfunn gjennom blant anna ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning
- Å skapa eit sosialt berekraftig samfunn
- Å skapa eit trygt samfunn for alle

Regjeringa har bestemt at FN sine 17 berekraftsmål, som Noreg har sluttet seg til, skal vera det politiske hovudsporet for å ta tak i vår tid sine største utfordringar. Det er derfor viktig at berekraftsmåla blir ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga.



Figur 1: FN sine 17 berekraftsmål

**Regionale forventningar.** Vestland fylkeskommune har sendt ut eit likelydande skriv til alle kommunane i det nye fylket, av di dei ynskjer å gje same informasjon til alle kommunane i deira arbeid med kommunal planstrategi. Skrivet presenterer ein strategi som skal vere basis for ein overordna utviklingsplan for Vestland fylke. Dei presiserer at strategien skal også gje retning for satsingar for alle forvaltningsnivå og føringer for regionalt planarbeid i perioden..

Også frå regionalt politisk hold er det understreka at berekraftsmåla til FN skal leggjast til grunn for regional planlegging. I rapporten om *Utfordringar for Vestland* og i folkehelseoversiktssdokumentet er det vist korleis måla til FN heng saman med hovudutfordringar i Vestland. I regional planstrategi vil dei synleggjere korleis planarbeid i Vestland følgjer opp berekraftsmåla til FN.

Ut over å vise til berekraftsmåla omtalar fylkeskommunen følgjande tema som må med i arbeidet med planstrategien:

- Folkehelse. Dei peikar då særleg på utfordringar i kjølevatnet av demografiutvikling, og på auken i økonomisk skilnad mellom folk.

- Klima og miljø. Dei går ikkje i detalj på dette, men har ulike formuleringar rundt klimatilpassing og konkluderer med at: «klima og miljø difor må vere premiss i all samfunnsutvikling».

Strategien til Vestland fylke bygger på 10 hovudutfordringar:

1. Klimaomstilling
2. Balansert areal- og naturressursbruk
3. Gode transportsamband og smart mobilitet
4. Grøn konkurranseskraft
5. Digitalisering av samfunnet
6. Relevant kompetanse og kunnskap
7. Attraktive stader og gode nærmiljø
8. Eit fornyande, profesjonelt og frivillig kulturliv
9. Eit likeverdig samfunn
10. Ungdom – trivsel og tilhøyre

#### **Lokale forventningar.**

Dei tidlegare samfunnsdelane til kommuneplanen har hatt fokus på å stabilisera folketalet. Det har også samfunnsdelen som vart vedteken mot slutten av 2019. Det er mogleg at og den nye planen skal drøfte folkesetnaden, men det viktige blir å ha fokus «der vi kan gjere ein skilnad». Dei store lokale forventningane er nok til eit forsterka fokus på klima og miljø som ein konsekvens av at kommunen har blitt ein nasjonalparkkommune. Dette gjev utfordringar, men kanskje ført er det no mogleg å bruke planarbeidet til å sjå om det er mogleg å få fram nye og andre idear for utviklinga.

Årdal er eit konjunkturstyrt samfunn, som følger svingingane til dei store hjørnestinsbedriftene. Det er difor ikkje så rart at NorSun som ei av dei store bedriftene, har klare og sterke forventningar til planprosessane som no skal skje i Årdal. På mange måtar svarar NorSun på noko av det som er måla til kommunen, med å ha eit lite klimaaavtrykk. Dei har difor forventningar til at det vert utforma tydelege mål og strategiar for korleis denne type industri kan få vekse og utvikle seg. Også transportutfordringar med ras m.m. og problem rundt ustabilt nett er problemstillinga dei meiner er ein del av denne heiskapen.

### **3. Medverknad**

Utdrag frå Plan- og bygningslova § 10-1 Kommunal planstrategi:

*«Kommunen skal i arbeidet med kommunal planstrategi innhente synspunkt fra statlige og regionale organ og nabokommunar. Kommunen bør også legge opp til bred medvirkning og allmenn debatt som grunnlag for behandlingen. Forslag til vedtak i kommunestyret skal gjøres offentlig minst 30 dager før kommunestyrets behandling.»*

Trass i at lova er ganske tydeleg på forventningar til medverknad, er det ikkje lagt opp til brei deltaking frå ålmenta i utforminga av planstrategien. Dette er grunna i:

- Planstrategien er eit politisk dokument for det nye kommunestyret i prioritering av planoppgåver som skal gje det nye kommunestyret. Planstrategien gjer ikkje vedtak om tiltak som røres ved ålmenta.
- Gjeldande kommuneplan vart vedteken ved slutten av 2019. I utarbeidninga av denne, vart det i 2018 og 2019 gjennomført breie medverknadsprosesser.

- Kommunestyret har alt lagt føringar om at samfunnssdelen og arealdelen til kommuneplanen, skal reviderast. I desse arbeida, som femner om heile verksemda til kommunen og utviklinga av lokalsamfunnet, vil det bli lagt opp til medverknadsprosessar som stettar krava i PBL.

I høyringsfasen av planstrategien, vil det bli gjennomført møter med nabokommunar for å sikre god samhandling vidare.


Medverknad frå regionale styresmakter er tatt i vare gjennom dei innspela som alt er komen frå fylkeskommunen og gjennom skriv om nasjonale forventningar. Desse styresmaktene vil og få høve til å kome med merknadar i høyringsperioden.

I utarbeidingsa av planstrategien, har det vore medverknad frå dei ulike sektorane i kommunen, for å få med breidda av behov og utfordringar, og det har vore prosessar i dei politiske organa.

## 4. Hovudutfordringar og utviklingstrekk

### 4.1 Folkesetnad

**Årdal** er eit konjunkturstyrt samfunn, som følger svingingane til dei store hjørnesteinsbedriftene. Med store effektiviseringssprosessar i bedriftene vert behovet for arbeidskraft redusert monaleg. Dette gjev seg og utslag i folketalsutviklinga ved at fråflytting er ei utfordring.



Årdal kommune har hatt ein jamn nedgang i folkesetnaden dei siste 20 åra, med eit unntak for åra 2006 – 2009. I perioden 2004 – 2007 hadde kommunen omstillingsstatus. Det er rimeleg å tru at omstillingsarbeidet var ein viktig faktor i endringane desse åra. I strategiarbeidet vidare, må vi sjå på dei erfaringane som vart gjort då, for å vurdere dei opp mot dagens strategiar. Dette er meir omtalt under kap. 4.5 Næring og sysselsetting.

## Forventet utvikling



Befolking i 2030<sup>i</sup>

**4 721** innbyggere [per 2030]



Befolking i 2040<sup>i</sup>

**4 252** innbyggere [per 2040]

I tillegg til fråflytting, har Årdal ei utfordring knytt til at det er færre fødde samanlikna med tal folk som har gått bort. Om vi ser på framskrivingane for folketal i Årdal med tal etter hovudalternativet henta frå SSB, er det forventa ein nedgang på omrent 9 % fram til 2030 og 18 % fram til 2040. I framskrivingsperioden ventar ein mindre nedgang i aldersgruppa 0-19 år. Den største nedgangen vil vere i aldersgruppa 20 til 66 år. For så å flate ut, og kommunen vil få ein betydeleg auke i aldersgruppa +80 år. Det er i hovudsak ungdomen som dreg ut, anten for studiar og/eller jobb.

I den gjeldande kommuneplanen, i næringsstrategien og i folkehelseoversikta er det gitt utdjupande vurderingar av folkesetnaden. Ei problemstilling som går igjen er ubalansen mellom tal kvinner og menn. Frå fødsel og fram til om lag 70 år er det flest menn i Årdal, størst er ubalansen i aldersgruppa 18-49 år med heile 150 fleire menn enn kvinner.

Dei ulike utfordringane tilseier at vi i arbeidet med å utvikle Årdalssamfunnet må ha ganske breie og mangearta strategiar. Skal vi rekruttere nye og halde på kompetanse er det avgjerande at kommunen i tillegg til gode arbeidsplassar klarar å skape god bulyst og «bli» lyst, for dei som alt er her, eller som av ulike grunnar kjem for ein kortare periode.

## 4.2 Klimaendringar og klimatilpassing

Hovudutfordringane knytt til miljø og klima blir å vise korleis kommunen skal ta sin del av ansvaret for den nasjonale dugnaden i å redusere klimautsleppa, stanse tap av naturmangfald og trygge innbyggjarane gjennom gode tiltak for klimatilpassing.

Gjeldande klimaplan vart vedteken i 2014, og det er behov for at denne vert revidert. Årdal har store CO<sub>2</sub> utslepp grunna i den store delen industri. Samtidig er desse klimautsleppa vesentleg mindre enn om tilsvarande produksjon skulle ha skjedd andre stader i verda. Denne heilskapen er viktig å få fram også i det vidare klimaarbeidet. På energiøkonomiseringsida har det skjedd store endringar som bør spegle seg i den lokale planlegginga.

Klimatilpassing er eit tema som i dag ikkje ligg i planen, men som det er særstakt viktig å jobbe med vidare. Vestlandsforsking presenterte ein rapport i 2019 *Kartlegging av erfaringar frå arbeidet med klimatilpassing i små og mellomstore kommunar*. Rapporten har gitt sine konklusjonar som fem føresetnadar for å få på plass vellukka klimatilpassing i kommunal planlegging:

### 1. Et solid og tilgjengeleg kunnskapsgrunnlag

Studien tyder på at det framleis er eit stort behov for kunnskap, og – kanskje viktigare – at den må vere langt meir lokalt relevant og løysingsorientert enn det som ligg føre i dag.

### 2. Kompetanse og kapasitet til tilpassingsarbeid

Det generelle biletet er at det er auka kapasitet og kompetanse i kommunane, særleg på området «naturfare». Samtidig er arbeidet i liten grad integrert i arbeidet med økonomiplan i kommunane.

### 3. Nasjonal støtte og tydelege styringslinjer

Undersøkinga peikar på at det er eit stort omfang av styringssignal, men at desse er for generelle og vanskelege å omsette til lokal endring og styring.

### 4. Prioritering og ressursar

Det er stor politisk semje om å prioritere klimaomstilling, men tilgjengelege ressursar er avgrensa.

### 5. Naudsynt med samspel på tvers av sektorar og forvaltningsnivå.

Erfaring viser at kommunane jobbar lite systematisk på tvers av sektorane. Fleire kommunar etterlyste også betre integrering vertikalt mellom styringsnivåa.

For å få eit godt grep om den vidare planlegginga innan klima, miljø og energi, må vi rekne med å bruke ressursar til analysar og vurderingar, for å styrke kunnskapsgrunnlaget. Kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel vil kunne legge dei naudsynte overordna måla og føringane for temaplanen.

Forventningane til oss sjølve og frå nasjonalt og regionalt nivå om at FN sine berekraftsmål skal vere førande for planlegginga, tilseier og at vi må ha eit stort fokus på dette i den planperioden vi no er inne i. For begge kommuneplanane, samfunnsdel og arealdel, vil dette bli sentrale drøftingspunkt.

#### 4.3 Helse og omsorg

Kommunen vedtok ny helse- og omsorgsplan i november 2019. Det er difor ikkje behov for å gjere store utgreiingar eller prosessar for å avdekke dei utfordringane vi ser i dag. I planen er dette omtalt kort slik:

*Det er fleire overordna utviklingstrekk som fører til at dagens velferdsmodell er under press. Delen eldre aukar og det vert færre yrkesaktive til å forsørge dei som står utanfor arbeid. Det er eit auka behov for tidleg innsats, førebygge meir og behandle mindre. Det må leggast meir vekt på aktivitet i omsorg og på å møte psykososiale behov.*

*Det vil bli stadig fleire brukarar av dei kommunale omsorgstenestene i framtida. Den største auken av tenestemottakarar dei siste tiåra er personar under 67 år. Stadig fleire får livsstilssjukdommar som diabetes type 2, KOLS, kreft og overvekt. I tillegg aukar delen innbyggjarar med psykiske lidingar og rus. Samstundes er det ein grunnleggande føresetnad i samhandlingsreforma at veksten i bruk av spesialisthelsetenester skal Dempast, ved at ein større del av helse- og omsorgstenestene skal ytast av den kommunale helse- og omsorgstenesta.*

I samband med ny kommuneplan bør vi likevel gjere vurderingar om det er behov for å sette ei tydelegare retning, eller konkretisere behov for å gjennomføre spesifikke utviklingsprosjekt. Dette kan til dømes gjelde vurdering av ei meir strukturelle grep knytt til bygningane og i kva grad desse er tenlege med dei faglege og økonomiske utfordringane vi ser.

#### 4.4 Folkehelse

Kommunen har utarbeida ein eigen plan for folkehelse, *Folkehelseoversikten i Årdal kommune 2019 – 2023*, som ikkje er handsama politisk. Folkehelseinstituttet har og utarbeida folkehelsestatistikk for kommunen. Her kjem Årdal ut på linje med andre kommunar, og scorar vesentleg betre på sosiale indikatorar med årsak i sosial ulikskap. Også på forureining som svevestøv scorar Årdal betre enn landsgjennomsnittet.

Her er nokre hovudinntrykk frå folkehelseplanen:

##### Styrkar

Innbyggjarar i Årdal har over god økonomi, og ligg noko høgare på inntekt enn både fylket og landet for dei aller fleste grupper og vi har låge tal for barn i låginntekts hushald. Det er liten skilnad på inntekt i Årdal og på sosial ulikskap. Det er og ein relativt stor variasjon i type bustadar og fleire bustadblokker har fått installert heis.

Kommunen har svært få arbeidsledige og lågare tal legemeldt sjukefråvær enn fylket og landet, både for menn og kvinner.

Tal for grunnskulane i Årdal syner at skulane jamt over kjem godt ut samanlikna med fylket og landet i høve resultat og læringsmiljø. Det er lite fråfall i vidaregåande skule i Årdal.

Kriminaliteten i Årdal har gått ned gjennom godt førebyggande arbeid.

#### Utdringar

Årdal ligg under fylket og landet på del personar med utdanningsnivå på universitet og høgskule. Det er og noko høgare del mottakarar av uførretrygd både i aldersgruppa 18-29 år og 45-66 år samanlikna med fylket og landet. Det er fleire kvinner enn menn på uførretrygd.

Tannhelsa hjå 18-åringar målt i tal med karies, er därlegare i Årdal enn fylket og landet, det har ikkje vore same positive utvikling i Årdal som i resten av fylket. Det er ikkje tilgang til helsejukepleiar dagleg på alle skulane. Ingen av skulane har tilbod om skulekantine.

Det er truleg for få utleigebustader i kommunen.

Barnevern har ein auke i tal bekymringsmeldingar.

Elles har Årdal helseutfordringar slik dei er kort omtalt i kapittelet 4.3 Helse og omsorg.

Folkehelseplanen er ei god dokumentasjon av situasjonen, og har gitt mange framlegg til mål og strategiar som er viktige å ta med i arbeidet med kommuneplanarbeidet og ulike sektorplanar.

## 4.5 Oppvekst og kultur

Sektoren fekk i 2007, etter eige ynskje, utarbeidd ein strategiplan for grunnskular og barnhagar.

Planane har ikkje vore nyttate etter at den gjekk ut i 2013.

For grunnskulen vert det kvart år utarbeidd ei melding om situasjonen og utfordringar til politisk handsaming. Dette er ei lovpålagnad oppgåve. Meldinga kan nyttast til å heile tida ha ei oppdatert forståing av situasjonen, og legge føringer for utviklinga vidare.

I samtalar med sektoren er det fremja eit ynskje om å utarbeide to planar i perioden:

- Oppvekstplan
- Strategisk plan for kultur

Sektoren meiner det er behov for å få ein plan som dekker heile opplæringsløpet i barnehage og grunnskule, og som inkluderer støttefunksjonane PPT og barnevern. Både skule og barnehage har fått nye nasjonale planar sidan siste kommunedelplan. Kommunen har også fått på plass tverrfaglege system som må inn i rammeverket.


I skulane kan vi truleg hente ut meir synergiar ved å bruke personalet i ei meir fleksibel ordning enn vi ser i dag. Rett og nok kompetanse, er til tider ein knapp faktor både i barnehage og skule.

Det vil og vere behov for å vurdere meir strukturelle grep, for å dimensionere tilbodet til brukartalet i barnehagane. Her bør vi og sjå på om det er rett og mogleg å differensiere innhaldet i dei ulike einingane.

Innan kultursektoren er behova dei same. Planane er for lengst gått ut på dato og er ikkje lengre tilpassa dagens situasjon.

## 4.5 Næring og sysselsetting

Årdal kommune er rangert øvst på dei nasjonale og regionale vurderingane av kor sårbare den ein skilde kommune er. Dette er grunna i den relativt sett einsidige næringsstrukturen i kommunen, og at verksemdene er svært sårbare for nasjonale og internasjonale hendingar. Kommunen må difor ha fokus på å utvikle alternative strategiar for næringsutvikling, mellom anna gjennom å gjere seg attraktive for ulike typar statlege arbeidsplassar.



Kommunen har ein nyleg vedteken strategisk plan for næring og sysselsetting som problematiserer situasjonen på ein god måte. Det ligg og inne tydelege mål og strategiar som kan bidra til å styrke industrisatsinga til Årdal, samtidig som vi reduserer den næringsmessige sårbare situasjonen kommunen er i.

Kommunen hadde status som omstillingskommune i åra 2004 – 2007. I åra som kom i kjølevatnet av dette, steig folketalet i 2006 og fram til og med 2009. I arbeidet med kommuneplanane må vi vurdere om det er element i dette arbeidet vi bør lære av å forsterke og i åra som kjem. I samandraget frå evalueringsrapporten, vert det konkludert med mellom anna:

*Årdal kommune har gjennomført ei vellukka omstilling, med prognosar om positiv utvikling frem mot 2012.*

*Samfunnet i Årdal har gått gjennom ei tøff omstilling og står i dag fram som eit mer ope samfunn med fleire "hjørnestensbedrifter" og eit lokalt næringsliv som har fått ny kompetanse og struktur.*

*Utfordringen for Årdal er skiftet fra å skaffe arbeidsplasser til å skaffe arbeidstakere. Dette er en utfordring som vil kreve stor innsats i tiden fremover.*

Strategisk næringsplan vert vurdert som eit godt utgangspunkt for det vidare arbeidet med utvikling av næringslivet. I arbeidet med kommuneplanen vil det likevel være behov for å sjå på meir på koplingar mellom næringsstrategiar og andre meir samfunnsutviklingsstrategiar, og korleis desse kan styrke og utfylle kvarandre.

## 5. Oversikt over gjeldande planar og evaluering av planarbeidet

### 5.1 Oversikt over gjeldande planar med vurdering

Som grunnlag for å vurdere planbehov, har rådmannen starta eit arbeid for å få ei oversikt over alt av planar, strategiar og handlingsprogram m.m. Nedanfor er denne oversikta vist, med status og bruk av planen i dag. Det er og gjort ei konkret vurdering av dei ulike planane, med framlegg om mogleg konsekvens i ny planperiode.

Oversikt over planane er sortert etter sektorane i kommunen, med unntak av dei felles overordna kommuneplanane som ligg først i oversikta.

Dei mange fagplanane med handlingsprogram som vert rullert årleg, ligg under *Interne planar*. Dette for å gjere eit skilje mellom det meir strategiske overordna planarbeidet og det meir operative tiltaksretta planarbeidet.

Planar	Vedteken	Vurdering	Framlegg
<b>1. Felles overordna planar</b>			
Planstrategi 2016 – 2019	Hausten 2016	Kva for erfaringar har vi? For omfattande, for ambisiøs, for lite tydeleg, godt verktøy el. a. Kva tek vi med oss av erfaring inn i ny prosess?	Nytt plandokument haust 2020
Kommuneplan samfunnsdel	Des 2019	Endra føresetnadar, naturparkkommune m.m., gjer at planen vert revidert. Vurderer også om det er behov for endringar i andre deler av planen.	Revisjon 2020-2021
Kommuneplan arealdel	2012	I planstrategi 2016-2020 vart det lagt opp til «Enkel revisjon av strategi og føresegner». Vart dette gjort? Gjeldande plan er utdatert.	Revisjon 2020 – 2021
<b>2. Oppvekst og kultur</b>	<b>Vedteken</b>	<b>Vurdering</b>	<b>Framlegg</b>
Oppvekstplan		Alle tidlegare planar er utgått og det er komne nye nasjonale føringar. I gjeldande planstrategi låg det inn ny heilskapleg plan for barn og unge i 2018 – 2019. Planarbeidet vart ikkje gjennomført.	Ny plan med start våren 2021. Overordna føringar vert lagt inn i samfunnsdelen.
Plan for barnehagane i Årdal 2011 - 2013	2010	Utgått. Må vurdere ny plan eller at den vert lagt inn i felles strategiar for sektoren eller samfunnsdelen.	Ikkje ny eigen plan. Vert bakt inn i samfunnsdelen og i oppvekstplan.

Kulturplan inkl. idrett, anlegg og friluftsliv		Tidlegare planar har gått ut. Plan for idrett og anlegg må reviderast, ikkje berre anleggsdelen.	Felles ny plan med start 2021
<b>3. Helse og omsorg</b>	<b>Vedteken</b>	<b>Vurdering</b>	<b>Framlegg</b>
Overordna helse- og omsorgsplan	2019	Kommunen har ein heilt ny plan som bør få verke i perioden Målsettingane skal bakast inn i samfunnsdelen	Ikkje ny plan no.
Plan for folkehelse	Utarbeida men ikkje handsama	Planen med mål og strategiar er utarbeida, men den har ikkje vore oppe til politisk handsaming. Folkehelse er eit tverrsektorelt tema, som skal føre til handlingar i alle sektorar, for å ta i bruk verkemidla dei ulike sektorane har.	Ikkje lage eigen plan, men bruke dokumentet som mal for ei årleg oppdatering og vurdering av folkehelseutfordringar. Mål og strategiar i planframlegg, vert arbeidd inn i samfunnsdelen.
Bustadsosial handlingsplan	2016	Planen gjeld for 2016-2020.	Ny plan er under arbeid.
<b>4. Tekniske tenester</b>	<b>Vedteken</b>	<b>Vurdering</b>	<b>Framlegg</b>
Hovudplan teknisk med temaplanar		Planane er på plass (?) og gjeld til 2022-2023, men treng revidering. Planane er generelle og kan bli forlenga om behov.	Innarbeide overordna mål og strategiar i samfunnsdelen og arealdelen. Ikkje nye planar no.
Energi- og klimaplan	2014 (2015?)	Utdatert. Behov for revidering. Kommunen treng å fornye både mål og strategidelen, og lage eit handlingsprogram for oppfølging.	Val: Eigen plan eller inn i samfunnsdelen. Samfunnsdelen må ha dei overordna måle for klimaarbeidet.
Strategisk næringsplan 2017 - 2020	2019	Tidshorisont som går ut i 2020. Vurdere om dei strategiane som går ut over 2020, kan ligge i samfunnsdelen. Årdal utvikling utarbeider denne.	Ny plan vert vurdert i etterkant av samfunnsdelen.
Samfunnstryggleik og beredskap			
Overordna ROS			
Temaplanar:		Fagplanar som vert oppdatert med ny kunnskap. Nokre av desse vert løfta ut som nye planar i perioden	
<ul style="list-style-type: none"> <li>• VAR</li> <li>• Utedrift</li> <li>• FDV</li> <li>• Klima og miljø</li> <li>• Idrett og anlegg</li> </ul>			
Kommuneplan idrett, anlegg og friluftsliv	Desember 2019	Vert revidert årleg.	Ny plan 2021

<b>5. Interne planar / fagplanar</b>	<b>Vedteken</b>	<b>Vurdering</b>	<b>Framlegg</b>
Kompetanseplan	2011, rev. 2015	Del av arbeidsgjevarpolitikken	??
Fagplanar innan PPT, barnevern, bibliotek, idrett og anlegg		Planar som vert justert for å halde oppe ein kunnskap om området	Årleg rullering av handlingsprogram
Plan for vaksenopplæringa		Fagplan som rullerast i samband med handlingsplanarbeidet.	Ikkje ny plan no. Årleg rullering av handlingsprogram
Beredskapsplan og kommune ROS	2015	Revidert, men behov for ny plan	Ny plan 2021
Årdal Tenk Tryggleik		Årleg revidering av handlingsprogram og vurdering av strategiar.	Ikkje ny plan
Fagplanar/strategiplanar for einskildområde: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Rehabilitering og habilitering</li> <li>• Psykiatri og rusmidlar</li> <li>• Kreft</li> <li>• Demens</li> <li>• Kols</li> <li>• Smittevern</li> <li>• Velferdsteknologi</li> <li>• Busetjing av flyktningar</li> </ul>	Ikkje politisk handsama som planar	Strategidokument/fagplanar som vert oppdater årleg med ny kunnskap og nye handlingsprogram.	Ikkje eigne politiske planar no. Overordna felles mål og strategiar ligg i felles omsorgsplan, som blir forankra i den nye samfunnsdelen. Vurdere strukturbehov som del av samfunnsdelen og arealdelen.

*Fotnote: Oversikta er ikkje komplett og vil bli vidareutvikla fram mot ferdig planstrategi.*

## 5.2 Evaluering av gjeldande planar og strategiar

I planstrategien for 2016-2020 vart det lagt opp til fleire sektorplanar som ikkje har blitt gjennomført i løpet av perioden. At planarbeidet ikkje er gjennomført, kan kome av at planstrategien var for ambisiøs i høve til gjengelege ressursar eller at organisasjonen har handtert utfordringane på andre måtar enn gjennom planprosessar. Det kan og bety at planbehovet for desse områda no er enno meir presserande. Det er likevel ikkje lagt opp til å utarbeide omfattande sektorplanar, men søkje å arbeide inn naudsynte føringer i kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel.

I framlegget til planar for denne perioden, er det og teke høgde for at plankapasiteten i kommunen er avgrensa.

## 6. Prioriterte områder for plan og strategiarbeid 2020-2023

### 6.1 Samfunnsutvikling og kommuneplanen sin samfunnsdel

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2019-2030 vart vedteke av kommunestyret i november 2019. I ettertid har Årdal kommune søkt om å bli nasjonalparkkommune. Denne søknaden vart godkjent i 2020. Eit av kriteria for godkjend søknad er at kommuneplanen sin samfunnsdel vert revidert for å omtnale mål og strategiar for kommunen som nasjonalparkkommune.

I kapittelet «Hovudutfordringar og utviklingstrekk» ser vi at folketalsutviklinga er ei stor utfording for Årdal. Dette gjeld både historisk og forventa utvikling. I arbeidet med kommuneplanane, må det vere fokus på heile bredda av samfunnet, for å få tak på dei mange små og store tiltaka som saman kan vere med på å snu trenden nok ein gong.

I følgje samfunnsdelen som vart vedteken i 2019, skal Årdal kommune:

- Det må også vere fokus på å arbeide aktivt for å behalde innbyggjarane i Årdal.
- Starte opp eit bustadprosjekt for å ha tilgang på rett type bustad til noverande og framtidige innbyggjarar
- Starte opp eit miljøprosjekt med mål om å verte ein av landet sine fremste miljøkommunar med fokus på blant anna elektrifisering av køyretøypark, materialval i bygg, og tilrettelegging av mjuke samband m.m.

I samband med å revidere samfunnsdelen må kommunen ta stilling til fleire utfordringar:

- Kva for mål og strategiar er avgjerande i høve at kommunen er blitt ein nasjonalparkkommune
- Kva for mål skal kommunen ha for å møte ynskje om å bli ein av landets fremste miljøkommunar?
- Kor ambisiøs skal kommunen være på å sikre naturmangfald ved ikkje å bygge ned meir kulturmark eller urørt natur?
- Kva for ambisjonar skal kommunen ha i arbeidet med å ta vare på og vidareutvikle «rein» industri i distrikta, nært til der krafta blir produsert?

### 6.2 Langsiktig arealbruk og kommuneplanen sin arealdel

Både den kort- og langsiktige arealbruken vil henga saman med strategiane som er valde i samfunnsdelen i lag med dei tre tilhøyrande prosjekta. Dette gjeld bustadområde, plassering av næringsområde, og tettstadutvikling. For å sikre at samfunnsdelen gjev naudsynte føringar for arealdelen, vert prosessane samordna i tid for å få ei god drøfting av tema som er viktig for lokalsamfunnet. Den endelige handsaminga av arealdelen vert hausten 2021, etter at samfunnsdelen er vedteken (juni 2021).

I ein revisjon av arealdelen vil det bli drøfta korleis kommunen kan legge til rette for ei forenkling av etablering av tiltak, som sikrar mot eksempelvis ras og flaum.

Sentrale problemstillingar knytt til utvalde områder som Seimsåsen, Vikadalen og sentrumsplanane for Årdalstangen og Øvre Årdal vil bli avklart ved revidering av kommuneplanen sin arealdel.

Private reguleringsplanar er ikkje med i kommunal planstrategi.

### 6.3 Energi, miljø og klimaplan

Det er gjort framlegg om ein eigen overordna temaplanen for dette området. Dette er ikkje lagt inn i planstrategien. I arbeidet med kommuneplanen, samfunnsdel og arealdel, vil det bli vurdert om det er behov for å ta dette temaet eit skritt vidare for å konkretisere strategiar og prioriterte tiltak innan dei ulike områda.

I samband med at kommunen no har blitt ein nasjonalparkkommune, er det avgjerande at vi klarar å konkretisere overordna mål og forventningar til korleis ta vare på naturen og naturmiljøa, og korleis vi kan nytte dette på ein berekraftig og framtidsretta måte som gjev rom for trivsel og næringsutvikling. Å vere nasjonalparkkommune er nytt og vi må klare å konkretisere framtidsretta handlingar for å fylle og utvikle denne rolla.

### 6.4 Prioritert planarbeid i perioden 2020 – 2023

Prioritert planarbeid i perioden	2020				2021				2022				2023				2024	
	1	2	3	4	1	2	3	4	1	2	3	4	1	2	3	4		
Planprogram samfunnsdel																		
Samfunnsdel																		
Planprogram arealdel																		
Arealdel																		
Energi, miljø og klimaplan																		
Neste planstrategi 3)																	■	■